



## Styremøte - FIR

Dato:

Tid: Onsdag 07. desember 2016 Møte: 11/1  
Til: Deltakerne Kopi til: Fjell kommune

Tilstede: Anita Heggholmen, Bjørn Terje Olsen, Kristine Lundekvam, , Bjørn Thomassen, Wenche Bjelkarøy  
Ivar Einarsen fra Fjell kommune, Dan Christensen Sotra Sportsklubb

Forfall Marianne T.Monsen, Øystein M. Telle, Eva Herdlevær, Mikael Tangen, Andrine Midtkandal  
Østenstad, Fredrik Myrseth

Referent: Anita Heggholmen

Nr.	Sakens tittel/emne	Frist	Ansv
	<p><b>Møtet starta med informasjon om Basishall/Turnhall i Straume Idrettspark ved Dan Christensen</b></p> <p>Dan synte bilete over utviklinga i Straume Idrettspark frå ei grasmatte i 2002 dagens utvikling i 2016.</p> <p>Med denne utviklinga set ein Sotra på kartet, Fotballhallen har Sotra Sportsklubb klart å finansiere fordi dei har fått ein 10-års kontrakt med Oljemessa.</p> <p>Ope 320 dg frå 0800-2300. 230000 besøkande kvart år 3000 aktive idrettsutøvarar.</p> <p>Open hall kvar søndag frå kl 1000-1300 med aktivitetar for born opp til 10 år. Her ynskjer ein at alle idrettar i Fjell blir med og deltek med sine aktivitetar.</p> <p>Vidare ynskjer Sotra sportsklubb å sikre arealet turstiane ligg på, til friluftsområde, for framtida, og har meldt dette inn til politikarar og administrasjon i kommunen.</p> <p>Dei vil setje ut treningsapparat i turløypene, men manglar foreløpig areal å setje desse på.</p> <p>Turnhall:</p> <p>Sotra sportsklubb har vedteke at alle spelemidlar som vert tilbakebetalt til klubben, skal gå til vidareutvikling. Dermed var det lett for dei å sei ja, når Sotra Turn tok kontakt om samarbeid om ein basishall. Ein rekna ikkje med at prosjektet skulle kome så fort i gong, men Trond Mohn var positiv og ynskje å bidra. Fakta</p> <p>Grunnflate 2000 kvm Basishall 1500 kvm Bruksareal 2900 kvm Garderobar for turn og fotball Fellesareal Klasserom/møterom</p> <p>Plassering er tenkt enten på sørsida av fotballhall, her må ein i tilfelle kjøpe tomta, eller på Sartorbana. Deler av bana går då til hallen inkl underjordisk parkering, og resten av bana vert omgjort til 7'er bane og 5'er baner</p> <p>Pris: 51 millionar Gåve Trond Mohn 25 millionar, samt at han forskoterar spelemidlar 7millionar Søkje Fjell kommune om forskottering av 10 millionar spelemidlar Lån 5 millionar Resten sjølvfinansiert</p> <p>Dette føreset samanslåing av klubbane. Styra i klubbane er einige, og så skal det opp på årsmøta. Ein arkitekt lagar eit forprosjekt og dersom klubbane seier ja, vil ein kunne sende dette ut på anbod i april, byggjstart haust 2017 – ferdigstilt jul 2018.</p>		

	<p><b>Referat, saksliste og innkalling – godkjent</b>  Agenda:</p> <p>1) Godkjenning av innkalling, saksliste og referat fra forrige møte – godkjent</p> <p><b>Oppfølgingsaker:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Anleggskonferanse 2017- utset val av arbeidsgruppe til møtet i januar</li> <li>• Anita har sendt ut mail til Sund og Øygarden idrettsråd vedr konferansen</li> <li>• Idrettspolitisk møte 07.11.16 – Mikael var ikkje på dagens møte, derav ingen orientering</li> <li>• Nye representanter frå UKS: Andrine Midtkandal Østenstad og Fredrik Myrseth</li> </ul> <p><b>2) Postliste</b></p> <p>* Litlesotra Orienteringsklubb ynskjer medlemskap. Leiar har informert om korleis dei må gå fram for å få medlemskap i FIR. Dei har også søkt kommunen om oppstartsmidler</p> <p>* NIF: Informasjon om nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom – Anita har vidaresendt til medlemmane</p> <p>* Frå Berit Vik, Fjell kommune: Informasjon om neste års momskompensasjon - Anita har vidaresendt til medlemmane våre</p> <p>* Kartlegging Frivilligheita i Fjell – Anita har svart på undersøkinga på vegne av Fir</p> <p>* Idrettens Hederspris: Det er komen inn nokre framlegg. Drøftast på møtet i januar</p> <p>* Invitasjon Hordaland Idrettskrets til miniseminar ”Bruker de doping?” 21.11.16 kl 1230-1530 Sendt melding om at seminar på dagtid ikkje passar frivillige organisasjonar</p> <p>* Invitasjon frå Fjell kommune: Seminar om barnefattigdom 5.januar kl 09-12 Sendt melding om at seminar på dagtid ikkje passar frivillige organisasjonar. Mulig at Kristine kan delta?</p> <p>3) Informasjon fra kommunen – Ivar</p> <p>4) Handlingsplan/ Årshjul  Er det nokre fristar vi treng å minne idretten på?  Valnemnda</p> <p>5) Eventuelt  Kommentarer til referatet:</p> <p><b>Vedtak – innkalling og referat godkjent, oppfølgingsaker følges opp</b></p>		
3	<p>Informasjon frå kommunen – Ivar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbakemelding om domenesaka – Ivar purra advokaten opp att mandag, ikkje fått noko tilbakemelding enno</li> <li>• Tilbakemelding om sykkel-vm og idretten sin innsats – Ivar foreslår at vi inviterer Lennart Fjell til neste møte 4.januar 2017</li> <li>• Møte i gruppa som skal sjå på fordelingsnøkkelen/retningslinjer midler – 19.januar 2017</li> <li>• Det vert no utført ein prøveperiode med I-pad i Ågotneshallen for registrering av vakthald og tal på personar som er i hallen</li> <li>• Utstyr i hallar/gymsalar – Oppfølging over nyttår, ein heldt no på med kartlegging av utstyr i gymsalar.</li> <li>• Ågotneshallen – etter at laga fekk melding om rydding av kiosken har problem med mus i garasjane tilteke. Den raude branndøra gliper så det er</li> </ul>		<p>AH</p> <p>IE</p> <p>IE</p>

	lett for mus å kome inn. Ivar tek dette vidare med vaktmeister		
4	<p><b>Handlingsplan/årshjul</b></p> <p>Det er ingen fristar som ein treng minne idretten på akkurat no.</p> <p>Valnemnda må kome i gong med sitt arbeid. Årsmøtet i FIR skal vere halde innan påsken 2017. Anita sender kopi av årsmøtereferat til Ivar</p> <p>Oppsummering av året som har gått – er det noko vi kan gjere annleis?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi opplever at kommunen framleis ikkje alltid følger opp slik vi ynskjer, til dømes vert mange møter lagt til dagtid</li> <li>• På den andre sida har kommunen vorten mykje flinkare til å sende saker til oss i god tid før frister går ut.</li> <li>• Vi er blitt meir synleg, blant anna på Facebook og via nettsida, men vi har framleis ein veg å gå.</li> <li>• Kurset i tilskotsordningar var positivt og nokre lag etterlyste fleire kurs</li> <li>• Vi bruker framleis litt mykje tid på at medlemmer i styret tek opp saker på vegne av sine eigne klubbar. Her må styremedlemmene melde inn saker på førehand, slik vi ynskjer at alle dei andre også skal gjere</li> <li>• Til neste år kan vi invitere klubbane ved leiarar (evnt andre repr.) til eit informasjonsmøte etter årsmøtet, om kva dei kan bruke Idrettsrådet til. Vi har 39 medlemmer, og ynskjer å vere tilstades for alle.</li> <li>• Ei sak på neste års Handlingsplan bør vere samarbeid/samanslåing av Idrettsråda i Fjell, Sund og Øygarden, som ei førebuing til kommunesamanslåing</li> <li>•</li> </ul> <p><b>Vedtak – tatt til orientering</b></p>	IE	AH
5	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>Idrettsgalla 11.februar 2017 – Idrettsrådet vert invitert. Anita kan ikkje stille. Kan Bjørn Terje, evnt nokon andre, dele ut prisar på vegne av idrettsrådet?</b></p> <p><b>Neste møte vert halde på EGON Straume. Anita bestiller bord. Møtet vil vare i 3 timar. K1 1800-2100</b></p> <p><b>Vedtak – tas til etterretning</b></p>	AH	

--	--	--	--

Foreløpig godkjent av leder av FIR, endelig godkjenning gjøres på neste styremøte